Overnatting
Løpshotell er Park Hotel Vossevangen – bestill overnatting på 5653 1000 eller e-post booking@parkvoss.no.

Fredag til sundag
Kr. 625.- per pers. per døgn i dobbelt rom inkl. frukost
Kr. 875.- per pers. per døgn i enkelt rom inkl. frukost
Born: 0 – 4 år gratis i foreldre sitt rom
5 – 15 år 50% rabatt i foreldrerommet.

OBS – Ved bestilling, opplys at du er deltakar i Norgesløpet VossaRudl'n 2010..

Festmiddag
Norgesløpet VossaRudl'n har tinga Vossasalen med bordkapasitet inntil 500 personar . Me kan såleis garantera at alle deltakarane får sitja samla i spisesal og delta i felles festprogram.
Middag er kr 485.- pr. pers.

Dersom de ikkje overnattar på Park Hotel Vossevangen, må de bestilla og betala middag på førehand, i resepsjonen.

Andre sentrale overnattingsbedrifter er:
Fleischer's Hotel, www.fleischers.no
Jarl Hotel, www.jarlvoss.no
Eller sjå internett www.visitvoss.no

Invitasjon til

Norgesløpet VossaRudl'n 2010

Fredag 4. - sundag 6. juni

Arrangør:

Køyretøy Historisk Klubb Voss

Velkomne til vakre Voss

For meir informasjon ta kontakt med rk.traa@online.no
Evt mobil 971 48 895 (løpssekretær)
www.khkv.net
Omtale om klubben og løpet finn du òg på Facebook
Organisasjonsnummer: 993 923 419
Kontonummer VossaRudl'n: 9581 20 70100

Køyretøy Historisk Klubb Voss har gleda av å arrangera
Norgesløpet VossaRudl'n 2010
og inviterer med dette til eit løp i kulturhistorisk ramme.

Tema "50 år sidan bilsal var frigjeve" – "BIL for ALLE"

Då andre Verdskrigen tok slutt i 1945,var forventningane til etterkrigstida rosenraude også med tanke på bilbransje og bilisme. Men grunna strenge valutarestriksjonar vart bilbransjen pålagd strenge rammer. Nybilimport og deleimport var sterkt avgrensa; og det oppsto eit enormt etterspurnadspress etter motoriserte køyretøy – både til yrkesbruk og privat. Denne "unntaks-situasjonen" varde ved like til 1. oktober 1960; då bilimport og bilsal omsider vart fritt att.
Presset etter motorkøyretøy auka jamt og trutt utetter i 1950-åra; og gav seg mange og spesielle utslag: Eitt av utslaga var at mangelvara BIL kom til å få uvanleg stor merksemd i samfunnet; -både i yrkessamanheng og i private relasjonar. Valutarestriksjonane førde til at alt eksisterande bilmateriell som kunne reparerast, blei reparert for å kunna halda seg rullande. Austeuropeiske bilmodellar som Noreg bytta til seg gjennom tosidige varebyteavtalar med kommunistlanda vart selde fritt, og kom til å få ein framtredande plass i norsk vegtrafikk. Og dei mest kreative og teknisk kunnige personane blant oss, presterte faktisk å bygge sin eigen bil; -basert på tilfeldig komponentar og heimelaga konstruksjonar
1960 er såleis eit merkeår i norsk bilhistorie. Den ekstreme bilmangelen frå 1950-åra vart avløyst av fritt bilsal. Døra vart opna for moderne massebilisme i Noreg!
Me set kulturhistorisk fokus på tida kring 1960 med å invitere til gjensyn med bilmodellar frå denne tidsepoken; men ynskjer likevel alle velkomne som deltakarar, innanfor Norgesløpet sine vedtekter.

Sjølve Norgesløpet går av stabelen laurdag 5. juni
Start på Bømoen leir kl. 11:00, oppstilling kl. 08:30.

Bømoen leir er i seg sjølv ei kulturhistorisk ramme, med heile 26 bygningar som er freda av Riksantikvaren. Norgesløpruta vil denne gongen gå i Vossaområdet.
Start- og målgang vil verta i Bømoen leir. Lengda på løpet vert maks 5 - 6 mil.
Me inviterer til eit 3-dagars kulturhistorisk arrangement, Filmkveld/aperitiff fredagskveld, løpet laurdagen og avslutning med vandring i Bømoen leir sundag.

Køyretøy til og med 1980 kan delta, men komiteen tek atterhald om å avgrensa antal "nyare" køyretøy. Maksimalt antal deltakande køyretøy er sett til 150. Ver snøgg med å senda påmelding! Denne gongen som sist: "fyrst til mylna får fyrst mala".

Fyll ut vedlagde påmeldingsskjema og send innan 9. april 2010.
(Etter Norgesløpet sine vedtekter gjeldande frå 2006, skal påmeldingsfristen vera 2 månader før løpsstart.)
Det vert altså ikkje høve til etterpåmelding.

Startkontingenten er på kr 350. Det er ynskjeleg at dette vert førehandsbetalt på giroar utsendt av oss, samtidig med deltakarstadfesting.

Fredag 4. juni
Ettermiddag/kveld vert det framsyning av film i Vossasalen kl 20:00.

Laurdag 5. juni
Norgesløpet VossaRudl'n 2010
Lunsj undervegs og løparfest i Vossasalen Park Hotel Vossevangen

Sundag 6. juni
Føremiddag vert det "Byvandring" i Bømoen leir - omvising og foredrag.

Fredag og sundagsarrangementet vert nærare omtala i programmet.

Løpsprogram vert sendt, elektronisk, like etter påske til klubbar og påmelde.
For dykk som ikkje kan motta dette elektronisk sender me via post.

Klubben er interessert i historisk materiell frå tema- epoken.
Har du kjennskap til noko som kan vera av interesse for andre, har du historiar om køyretøy, foto av alle slags heimebygde køyretøy eller andre historiar frå kjøpeløyve-epoken, er klubben særs interessert i dette. Kontakt oss pr tlf 971 48 895,
Per post Øvrebøvegen 14, 5710 Skulestadmo
eller e-post rk.traa@online.no.

PÅMELDINGSSKJEMA

Norgesløpet VossaRudl'n 4. til 6. juni 2010

Fyll ut og send innan 4. april 2010

NAVN:

ADRESSE:

POSTNR.: STAD:

TEL.: MOBIL:

E-POST ADR

AUTOMOBIL: ☐ MOTORSYKKEL: ☐ NYTTEKØYRETØY: ☐

Køyretøyet må vera registrert og godkjent !

FABRIKAT: TYPE:

ÅRSMODELL: REG.NR.:

KVA KLUBB TILHØYRER DU:

Kort omtale av køyretøyet – dersom meir utfyllande eller med bilete kan du nytta baksida eller skriv e-post!!

Startkontingent er på kr 350. Det er ynskjeleg at dette vert førehandsbetalt på giro utsendt av oss, saman med deltakarstadfesting.

Antal deltakarar til fredagsarrangement på kvelden 4. juni: ☐
Må betalast på staden.

Antal deltakarar på løp og til lunsj laurdag 5. juni: ☐
Lunsj kr 80,- må betalast på staden.

Antal deltakarar til festmiddag laurdag 5. juni: ☐
Ver venleg ta kontakt med hotellet dersom du ikkje har overnatting (skal kun til middag)

Antal deltakarar til arrangement sundag 6. juni: ☐
Må betalast i startområdet, laurdag.

Anna form for påmelding, vert diverre ikkje registrert.
Send til løpssekretær Ruth Kristin T. Trå, Øvrebøvegen 14, 5710 SKULESTADMO, eller på e-post rk.traa@online.no
Etter Norgesløpet sine vedtekter vil ikkje det vera mogeleg å melda seg på etter frist 9. april 2010.
Skjema finn de og på www.khkv.net i pdf format.

Venleg helsing

Odd Egdetveit
løpsleiar
Køyretøy Historisk Klubb Voss